



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet i Radøy	
	Kommunestyret i Radøy	

Sakshandsamar:	Teknisk forvaltning	Tonje Nepstad Epland	
Arkivnr.:	17/516	Dokumentnr.:	17/6701

### Etablering av interkommunalt vertskommunesamarbeid for tilsyn etter plan- og bygningslova

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

I januar 2005 starta kommunane i Nordhordland eit interkommunalt samarbeid om byggsakstilsyn – NGIT (Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn) – med Lindås kommune som vertskommune. Samarbeidet vart avvikla i 2014 då det ikkje vart oppnådd økonomisk semje om ein revidert avtale.

Rådmannsutvalet i Nordhordland ynskjer no å ta opp att samarbeidet om felles byggsakstilsyn. Lindås kommune har utarbeidd utkast til ny samarbeidsavtale og tilsynsstrategi, og rådmannsutvalet gjorde i møte 17.02.2017 vedtak om å sende saka til politisk handsaming i kommunane.

Avtaleutkast og framlegg til tilsynsstrategi har vore på høyring i administrasjonane i kommunane. Administrasjonen i Radøy kommune hadde merknader til det første utkastet. Merknadene er i all hovudsak tekne til følge, og reviderte avtaleutkastet datert 10.05.2017 vert lagt fram for politisk handsaming.

Samarbeidsavtalen følgjer reglane i kommunelova § 28-1b om administrativt vertskommunesamarbeid, og må handsamast av kvart kommunestyre i deltakarkommunane.

Samarbeidet gjeld 8 kommunar: Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

##### Vurdering

Kommunane pliktar å føre tilsyn etter plan- og bygningslova kap. 25. Kommunane skal føre tilsyn både med konkrete byggetiltak og på systemnivå med føretaka som opptrer med ansvarsrett i byggesak. Kommunane sin tilsynsverksemeld skal sikre god kvalitet i byggverk og at tiltaka er i samsvar med lovverket, samt motverke ulovleg bygging.

Målsettinga med å opprette eit interkommunalt tilsynssamarbeid er å utnytte ressursane mest mogeleg effektivt og oppnå lik, føreseieleg og objektiv handsaming kommunane i mellom.

Det interkommunale tilsynet skal ha hovudfokus på systematisk føretakstilsyn. Føretaka som har ansvarsrett i byggesak opererer i fleire kommunar, og det er eit klart føremonn at det er eit interkommunalt organ som følgjer opp kompetansen i føretaka. Eit interkommunalt tilsyn vil rekke over eit større tal føretak i løpet av året, og informasjon frå tilsyna vil vere tilgjengeleg for alle kommunane i samarbeidet. Kommunane vil då ha eit felles grunnlag for å møte føretaka med dei same krava på tvers av kommunegrensar. Tilsynsarbeidet vil også vere eit godt kunnskapsgrunnlag for utbyggjarar og privatpersoner i val av føretak i eiga byggesak.

Det interkommunale tilsynsarbeidet vil vere eit supplement til den tilsynsverksemda som kommunen sjølv ivaretok i samsvar med Radøy kommune sin tilsynsstrategi vedteke i kommunestyret 30.03.17.

Det interkommunale tilsynet skal følgje opp lovbroter som tilsynet sjølv avdekkar gjennom tilsyn etter plan- og bygningslova kap. 32. Anna oppfølging av lovbroter skal skje i Radøy kommune i samsvar med Radøy kommune sin tilsynsstrategi.

Det interkommunale tilsynet skal arbeide etter ein felles overordna tilsynsstrategi, i tråd med plan- og bygningslova § 25-1 og tilhøyrande forskrift (SAK 10). Framlegg til overordna tilsynsstrategi er eit vedlegg til samarbeidsavtalen.

Samarbeidsavtalen legg opp til at det skal vere minimum to tilsette i tilsynet.

Tilsynskontoret får delegert mynde til å gjennomføre tilsyn etter plan- og bygningslova kap. 25 og oppfølging av lovbroter i saker av ikkje prinsipiell art etter plan- og bygningslova kap. 32.

Radøy kommune sin del av kostnadene til det interkommunal tilsynet vert dekkja av byggesaksgebyret med heimel i plan- og bygningslova § 33-1. Dokument med økonomisk fordelingsnøkkel er eit vedlegg til samarbeidsavtalen.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at ny avtale om interkommunalt verkskommunesamarbeid for tilsyn etter plan- og bygningslova og overordna tilsynsstrategien, revidert 10.05.2017, vert godkjent.

Radøy kommune må samstundes med heimel i kommunelova § 28-1 b nr 3 delegere mynde til rådmannen i Lindås til å utføre oppgåver etter avtalen på vegne av Radøy kommune

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Radøy kommune godkjenner i medhald av kommunelova § 28-1 b samarbeidsavtale for Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn, jf. revidert avtaledokument datert 10.05.2017.

Kommunestyret gir i medhald av kommunelova § 28-1 b nr 3 instruks til rådmannen i Radøy kommune om delegasjon av mynde som avtalen omfattar til rådmannen i Lindås.

Kommunestyret godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 25-1 overordna tilsynsstrategi for samarbeidskommunane, jf. revidert tilsynsstrategi datert 10.05.2017

